

## **Mandat, oppgåver, og ansvar for Koordinerande eining i Kinn kommune**

### **§ 1 Målsetting og funksjon til Koordinerande eining**

Koordinerande eining er oppretta i samsvar med helse- og omsorgstenestelova kapittel 7 og forskrift om habilitering og rehabilitering § 8. Eininga skal vere eit kontaktpunkt både for tilsette i kommunen og for eksterne samarbeidspartnarar. Ho skal bidra til å kartleggje, planleggje og utvikle arbeidet med habilitering og rehabilitering.

### **§ 2 Mandat for Koordinerande eining (KE )**

Koordinerande eining skal:

- Vere eit rådgjevande organ som sikrar god samordning av tenester til brukarar med langvarige og samansette behov.
- Avklare kva teneste som skal koordinere tilbodet når det er uklart. Ved usemje avgjer kommunalsjef eller kommunedirektør.
- Gi råd og rettleiing om individuell plan (IP), og utvikle spisskompetanse på dette. Det skjer i samarbeid med andre tenester og fagpersonar.
- Kunne kalle inn nødvendige fagpersonar på tvers av avdelingar for å sikre god koordinering.
- Peike ut kva eining som skal stille med koordinator for IP. Dette skjer i samarbeid med tenesteleiar, basert på kompetanse og føreseieleighet. Ved usemje avgjer kommunalsjef eller kommunedirektør.

### **§ 3 Oppgåver og ansvar**

Koordinerande eining har ansvar for å:

- Utarbeide rutinar for arbeidet med individuell plan.
- Tilby kompetanseutvikling for koordinatorar.
- Sikre godt samarbeid mellom ulike tenester.
- Bidra til at tenestetilbod er heilskaplege og målretta.
- Drive informasjonsarbeid.
- Sikre at individuelle planar blir utarbeidde og følgde opp.
- Behandle klager på avslag om IP og andre vedtak dei sjølve har fatta. Desse blir sende til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.
- Innføre bruk av «strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam» i alle relevante tenester.

## **KE skal også:**

- Ta imot meldingar om behov for individuell plan (jf. § 23).
- Ha oversikt over brukarar med behov for koordinerte tenester.
- Fremje samarbeid mellom ulike tenesteytarar og sikre gode rutinar for flyt i tenestene.
- Vere bindeledd mellom kommunen og statlege instansar i arbeidet med habilitering og rehabilitering.
- Gje råd i saker som gjeld behov for koordinering.
- Gjere vurderingar av brukarens behov innanfor lovverk og kommunen sine rammer.
- Behandle søknader om tenester som krev koordinering, og fatte vedtak om individuell plan.
- Sørgje for opplæring og rettleiing av koordinatorar.
- Lage rutinar og prosedyrar for arbeidet med individuell plan

## **§ 4 Organisering av KE**

Koordinerande eining er organisatorisk plassert under Strategi og samordning. Stabsleiar har det overordna ansvaret, medan leiar for Koordinerande eining har ansvar for den daglege drifta.

### **Leiar for KE har ansvar for å:**

- Sikre at kartlegging og utgreiing blir sett i verk når det kjem søknader om koordinerte tenester.
- Sørgje for effektiv og kvalitetsmessig god saksbehandling.
- Iwareta brukarmedverknad gjennom heile prosessen.
- Sikre at brukaren får dei samordna tenestene han eller ho har rett på.
- I samarbeid med KE, avgjere kven som skal delta i kartlegginga av brukarens behov. KE kan også gjennomføre kartlegging sjølv dersom det er mest formålstenleg.
- Sikre god samordning mellom dei ulike kommunale tenestene for den einskilde brukaren.
- Samhandle med både interne og eksterne partar.
- Lede og vere pådrivar for utviklinga av Koordinerande eining.

**Øyvind Bang-Olsen**

**Kommunedirektør**